



## **Elevrådsmøte 10.01.24**

**Til stades:** Emily 8B, Jørgen 8C, Arn 8D, Nils 8E, William 9A, Karina 9B, Mira 9C, Aksel 10D

### **SAKER:**

- **Evaluering juleball**

Kva er vi fornøgde med?

Det blei eit ganske bra juleball og vi tjente mykje pengar. Overskotet blei nesten 20 000,-. Kåringane gjekk bra. Tix var bra. Folk er fornøyd med musikken. Det var nok salsvarer i kiosken. Fint at MOT- rommet var til bruk for elever som ville ta det litt rolig, mange elevar var innom der. Det var tilgang på spel etter at maskelaginga var rydda vekk.

Kva kan bli betre?

Stativ til og henge jakkene og diverse. Prøve og få litt mer system på pynten etter juleballtet. Ha oversikt over kva som er elevrådet sine ting. Det er kjøpt to kassar som er merka med elevrådet kor juletinga til elevrådet er samla.

Til sommaren kan "Legende" også vere ein kategori under kåring

- **Kiosken**

- Ipad: Eivind V. nullstiller ipad, slik at ein ikkje er avhengig av Aksel sin mobil.
- Kioskliste: Daniel og Mariann lagar liste over kva klasse som har ansvar for kiosken kvar veke. Klassane kan ha ansvar for kiosk og rydding den veka dei har rydding ute.
- Kva varer skal ein selge?
- Rydding i aulaen

Vi må lage system på lista i kiosken. Gris med nudler, så dei som står i kiosken må passe på at alt er ryddig i aulaen og i gangane. Ein skal jobbe for og få litt meir alternativ til mat som

alle folk tåler. Elevrådet ønsker å bruke pengar på å kjøpe mikroovn, toastjern og betre vannkokarar i kiosken. Lurt å ha to vannkokarar i kiosken. Ein må også få oversikt over kva klasserom som manglar vannkokar. Det er også ønske fra elevrådet å ha stabile prisar på varer, slik at ikkje nokon blir sure når prisen må setjast opp. Det er viktig at ein ikkje går i minus. Om ein ikkje tenar litt på kvar vare, kan ein gå i minus ved svinn, t.d. viss noko går ut på dato og ein må selje desse varene billigare. Daniel har kjøpt inn Rett i koppen til og pappkoppar. Innimellom kan det vere rom for å selge andre varer som for eksempel er sjokolademelk, saft eller muffins.

- **Karneval 13. februar**

Det er 14 pakkar muffins igjen etter det som var kjøpt inn i haust, og det er ønske om å lage muffins av desse pakkane til karnevalet. Vi vil også ha premiarr til beste kostyme og klassen som har flest utkledde. Liten premie til dei som vinn dei andre konkurransane denne dagen; limbo, handbak osb. Klassane vel personar som skal konkurrere med dei andre i ulike konkurransar. Det blir kjekt å vere publikum. Dei som vinn får premie som er gøy. Vi må ha friminutt samstundes for å vere alle saman i lag, slik som under Halloween. Vi vil prøve å få tak i ein kul premie, for eksempel kjøpe pokal på tgr eller Mye moro.

- **Temaveke**

Det kjem innspel om temaveke, kor ein kler seg ut etter ulike tema kvar dag ei veke. Ei av vekene mellom vinterferie og påske kjem opp som alternativ.

Måndag: sport/idrett

Tysdag: jobb/yrke

Onsdag: bytte kjønn ( jente/gut)

Torsdag: pyjamas

Fredag: afterski

Referent Mira